



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 22.09.2016  
Vår ref.: 2016/8567-16  
Saksbehandlar: karvik\_  
Dykkar ref.:

Att. Eileen M Feste

## Tildeling av midlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2016 / 2017

Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2016/2017 vart handsama av leiar for Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) på sommarfullmakt 22.08.16. Total tildeling på kr 17 402 270 vart vedteken fordelt slik:

- Tildeling til Bergen kommune: kr 4 945 878
- Tildeling til resten av kommunane: kr 3 213 886
- Tildeling til kursregionane: kr 250 000
- Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule: kr 8 992 506 (Hordaland fylkeskommune sitt program.)

Private skular er rekna med i fordelinga av midlane. Kommunar som har private skular må ta ansvar for å inkludere desse i arbeidet med Den kulturelle skolesekken.

### 1. Mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken

Overordna mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken er vedtatt i St.meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skolesekken* og St.meld. nr. 8 (2007-2008) *Kulturell skolesekke for framtida*.

Med utgangspunkt i departementale føringsdokument er det vedtatt følgjande hovudmål for arbeidet med Den kulturelle skolesekken i Hordaland:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod;
- å legge til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
- å gje born oppleveling av kunst og styrke deira eiga skaparevne;
- å styrkje born si evne til å stille spørsmål, og stimulere til undring og kritisk vurdering.

### 2. Andre mål og føringer (jamfør tildelingsbrev frå Kulturdepartementet)

Det er eit overordna mål å sikre at personar med nedsett funksjonsevne skal ha lik tilgang og høve til å delta i kulturlivet som andre, både som publikum og som aktive deltagarar. For å nå denne målsettinga bør

omsynet til elevane sine ulike føresetnader og behov bli tatt med i planlegging, utforming og gjennomføring av Den kulturelle skolesekken.

Samiske kunst- og kulturuttrykk og samisk kulturarv skal vere ein integrert del av Den kulturelle skolesekken. I tiltak som inneber formidling av samisk kultur, bør kommunen ha kontakt med opplæringsavdelinga i Sametinget.

Det er eit mål å styrkje både norsk språk generelt, nynorsk spesielt og eleven sin forståing av nordiske nabospråk. Dette bør verte spegl i tilboda elevane får i Den kulturelle skolesekken.

### **3. Samarbeid og forankring (jamfør tildelingsbrev frå Kulturdepartementet)**

Arbeidet med Den kulturelle skolesekken skal vera forankra i politiske og administrative prosessar og planverk i kommunen. Vidare må arbeidet bygge på samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektoren, og med kulturinstitusjonar regionalt og nasjonalt. Det er ønskeleg at representantar frå aktuelle høgskular og kulturinstitusjonar er involverte i arbeidet. Kommunen bør sikre at elevene vert involverte i planlegginga.

### **4. Direkte tildeling av midlane**

Dersom ein kommune eller fleire kommunar i eit interkommunalt samarbeid ønsker å få direkte tildeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken, er det høve til det. Kommunar med direkte tildeling forpliktar seg til å sikre at prinsippa for ordninga vert ivaretatt.

Kommunar som ønsker å få midlane direkte tildelt må utarbeide plan for korleis arbeidet med Den kulturelle skolesekken skal gjerast. Planen må:

- gjere greie for korleis kommunen vil sikre prinsippa for ordninga,
- omfatte samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren,
- ivareta alle dei ulike kunst- og kulturuttrykka,
- gjere greie for korleis ein vil sikre den formidlingsmessige kvaliteten på innhaldet og vise korleis Den kulturelle skolesekken er tenkt forankra i skulene med omsyn til organisering og tilknyting til den faglege verksamda i skulen,
- vise til eigen ressursbruk i kommunen, til administrasjon og til kompetansehevande tiltak,
- vera politisk forankra.

Fylkeskommunen vil vera ansvarleg for å følgje opp dialogen med kommunen gjennom årlege rapportar og planar.

### **5. Vilkår for tildelinga**

Det er ein føresetnad for tildelinga at kommunen rapporterer om tiltaka i kommunal regi. Manglande rapportering kan føre til bortfall av tildeling for neste skuleår. Hordaland fylkeskommune forenklar vilkåra for tildelinga, vi krev ikkje lenger plan og rekneskap.

Tidelte midlar skal nyttast i tråd med måla og prinsippa for ordninga, og kan ikkje nyttast til administrasjon og kompetanseheving (turnélegging, nettverkssamlingar, kulturtorg og liknande).

Den kulturelle skolesekken skal vera eit tillegg til eksisterande satsingar på skule-, kunst- og kulturområdet, og ikkje erstatta noverande tiltak eller satsingar som vert finansiert med andre midlar. Midlane skal ikkje gå inn i ordinær skuleundervisning eller i allereie eksisterande skuletiltak.

Kommunen skal til ein kvar tid ha ein kommunekontakt som har som arbeidsoppgåve å utvikle Den kulturelle skolesekken i kommunen og regionen, og som skal ha eit aktivt forhold til utviklinga av Den kulturelle skolesekken i fylket.

Frist:

- Rapport på tiltak for kalenderåret 2016 skal gjerast elektronisk innan 1. februar 2017.

Vi gjer merksam på at dersom kommunen har overført spelemidlar direkte til grunnskulane, må kommunen likevel rapportera etter dei premissane som vert gjort gjeldande i dette tildelingsbrevet.

Kommunen skal som tidlegare rapportere i nettbasert rapporteringsskjema, og fylkeskommunen er ansvarleg for å følge opp rapportane frå kommunane. Nærare informasjon om pålogging og nettadresse kjem.

### **Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra for tildelinga. Kommunen pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

### **6. Spesifisering av tildeling av spelemidlar til kommunane.**

Hordland fylkeskommune løyver totalt kr 3 213 886 i denne tildelinga:

Askøy	kr	261 884	Meland	kr	94 536
Austevoll	kr	89 202	Modalen	kr	25 143
Austrheim	kr	41 933	Odda	kr	80 988
Bømlo	kr	152 727	Os	kr	171 844
Eidfjord	kr	26 810	Osterøy	kr	132 564
Etne	kr	62 336	Radøy	kr	73 995
Fedje	kr	25 829	Samnanger	kr	48 716
Fitjar	kr	53 683	Stord	kr	177 799
Fjell	kr	268 837	Sund	kr	100 469
Fusa	kr	92 724	Sveio	kr	86 040
Granvin	kr	27 398	Tysnes	kr	63 832
Jondal	kr	27 790	Ullensvang	kr	74 962
Kvam	kr	129 232	Ulvik	kr	28 182
Kvinnherad	kr	221 209	Vaksdal	kr	69 257
Lindås	kr	190 893	Voss	kr	184 652
Masfjorden	kr	46 429	Øygarden	kr	81 988

**Lindås kommune** har fått tildelt kr 190 893.

Det er ein føresetnad at dei tildelte midlane vert plassert på renteberande konto. For kommunar som får over 100 000 kr, er det eit krav at renteinntektene av dei tildelte midlane går til føremålet. For kommunar som får under 100 000 kr av spelemidlane, er det eit ønskje, men ikkje eit krav, at renteinntektene går til føremålet.

## 7. Utbetaling

*De vil få meir informasjon om utbetaling etter at vi har motteke rekneskap frå kommunen for kalenderåret 2015.*

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Hordaland fylkeskommune ser fram til vidare samarbeid om DKS.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*